


Til

Hordaland fylkeskommune
Kultur og idrettsavdeling
Postboks 7900
5020 Bergen



Saksnr. 2016 / 4914

Rapportering / rekneskap

Austrheim kyst- og sogelag har mottatt 10 000 kr til tilskot til arbeid med ei bok om Mongstad -samfunnet før industriutbygginga tok til i 1972.

Boka vart på 384 sider med om lag 350 bilete. Ei redaksjonsnemnd på fem personar har arbeidd med boka sidan januar 2014. Tekstar og bilete vart samla inn, men mykje av tekstane i boka er skrivne av medlemmane i redaksjonsnemnda. Ein har ikkje oversikt over kor mange dugnadstimar som er brukt til innsamling, intervju og skrivning for å få boka ferdig. Redaksjonsgruppa har òg hatt over 40 registrerte møte til planlegging og oppfølging.

Boka vart levert frå trykkeriet i september 2016.

Boka vart trykt i 600 eksemplar. Om lag 100 bøker er leverte til trykkeri, forlag, bidragsytarar, sponsorar, bibliotek, sjukeheimar og museum. Resten av bøkene er selde.

Sidan det er fleire som har spurd etter boka og ikkje fått ho, vurderer redaksjonsnemnda å trykke eit nytt opplag.

Redaksjonsnemnda takkar for tilskot til arbeidet med boka Mongstad – bygda som var.

Med helsing

For Redaksjonsnemnda

A handwritten signature in blue ink that reads "Atle Lervåg".

Atle Lervåg

Vedlegg:

Boka Mongstad – bygda som var

Utkilen 18.1. 2017

Rekneskap for boka:
Mongstad – bygda som var

Oversyn rekneskap pr. 22.12.2016.
Saksnr. 2016 / 4914, Hordaland fylke

Inntekter:

Tilskot Austrheim kommune	20 000	
Tilskot Lindås kommune	18 000	
Tilskot Modex	5 000	
Tilskot Hordaland fylke	10 000	
Boksal: 498 bøker a 300 kr (200, - kr rabatt Statoil)	149 200	
Innbetalt porto	2278	
Totalt		204 478

Utgifter:

Redigering og biletarbeid	36 000	
Utlevering av foldar	3 359	
Mongstadmuseet, husleige	500	
Innkjøp til boksleppet	539	
Innkjøp til boksleppet	596	
Mat etter boksleppet	1 555	
Frakt av bøker til Mo i Rana	160	
Annonse i Strilen	1 875	
J. Grieg, trykking	54 625	
Mat på møte	3 745	
Porto og emballasje	2 292	
Honorar til medarbeidarar	24 000	
Utgifter: Kjøring, telefon, biletkjøp, kopiering, scanning, data mm.	24 069	
Totalt		153 315
Overskot		51 163

Boka er trykt i 600 eksemplar. 102 bøker er gjeve til:
Trykkeri, forlag, bidragsytarar, sponsorar, bibliotek, sjukeheimar, museum.

for Redaksjonsnemnda
Alli Lervåg